

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 18.06. 2012 kl. 13.00
Møtestad: "Høgda"

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Hildegunn Brune
= 5 voterande

Svein Kvaløy hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte rekneskapsansvarleg Lars Birger Stige.

Det kom fram merknader til innkallinga frå Magnar Furset som retta seg mot sein levering av rekneskap. Han ga uttrykk for at ein ikkje er tent med ei slik behandling og stilte spørsmålsteikn ved å akseptere avvikling av møtet.

Det kom fram ønske om å ta opp ei eiga sak om rekneskapsbehandling i neste møte.

SAK 20/12 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. MAI 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 9. mai 2012 blir godkjent.

SAK 21/12 ÅRSMELDING 2011 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Stranda kommune til orientering.

SAK 22/12

KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpande oppfølging over fleire år av kommunen si økonomiske utvikling medrekna den stadig veksande lånegjelda. Kontrollutvalet er særst uroa over den økonomiske situasjonen til Stranda kommune.
3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.
4. Kontrollutvalet viser til at fleire investeringsprosjekt manglar finansiering og vil presisere at det er kommunestyret sjølv som skal vedta investeringsprosjekta og finansieringa av desse.

SAK 23/12

REKNESKAP 2011 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Med visnad til relativ høg lånegjeld i føretaket, oppmodar kontrollutvalet til god økonomisk planlegging for at den økonomiske situasjonen ikkje skal kome ut av kontroll.

SAK 24/12

REKNESKAP 2011 – STRANDAFJELLET KF

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpande oppfølging over fleire år av føretaket si

økonomiske utvikling og kontrollutvalet er særst uroa over den økonomiske situasjonen til Strandafjellet KF

3. Kontrollutvalet viser også til tidlegare uttalar om kor uheldig det kan vere å starte store prosjekt utan tilfredsstillande risikovurderingar, marknadsundersøkingar og konsekvensanalysar.

SAK 25/12

BREV DATERT 08.06.2012 FRÅ KONTROLLUTVÅLSEKRETARIATET – ETTERLYSING AV TILTAK VEDKOMANDE DOKUMENTASJON AV VAR – UTGIFTER

(Saka kom opp under eventuelt)

Leiar orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 26/12

SAKER SOM LIGG PÅ VENT (Saka kom opp under eventuelt)

Leiar ga ei orientering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
varamedlem
(sign.)